

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 3. november 2016

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Torkjell Døving, Anders Rem, Trond Håvoll, Jan Ole Fuglem, Einar Hoel, Ida Kristoffersen Rem, Magne Eivind Glomnes, Liv Marit Indreeide

Informasjon frå gruppene:

Trimgruppa: Innsamling av trimkort pågår. Har snakka om å få til elektronisk registrering på trimpostane. Georeg.no. Forskar litt på dette om det kan vere noko. Gratis app. Ribbemarsjen neste, 1. nyttårsdag.

Friidrett: Lite nytt sidan sist.

Fotballgruppa: Ferdig med seriesesongen. Siste kamp søndag 30.oktober. Tarecup to neste helgane. Avslutning for dei ulike laga under planlegging, her har lagleiarane fått oppdrag med å organisere. Litt trått med salg av rabattkorta. Utdelinga kunne kanskje vore organisert på ein anna måte. Må evaluerast. Fotballotteri + kalender kjem snart for sal. Kuttar ut bingoen dette året. Unngå slitasje på lokalt næringsliv. Dugnad førstkomande laurdag på kunstgrasbana. Romjulsturnering under planlegging – for både små og store.

Skigruppa: Nærmar seg ny sesong. I full gang med treningar - tirsdagar + styrketrening onsdagar +. Skisamling Dombås om 14 dagar, 50 påmelde, samarbeid med Stordal IL.

Styret: Anders har vore på 100-års jubileum i Liabygda IL. Representantar frå Standa, Stordal og Norddal IL representert. Snart vår tur – rettare sagt i 2019. Kanskje allereie ved neste årsmøte nedsette ein komité som kan begynne å planlegge eit slikt jubileum.

Frist søknad spelemedlar er 25.november.

Treng ei oversikt over kven som har førevist politiattest. Torkell sjekkar opp med Hillevi kven som har/ikkje har levert, og lagar eit register. Skal fornyast kvart 3 år. Om ein har hatt trenaroppdrag over ei lengre periode treng ikkje. Om du har hatt eit opphald, skal då førevise ny.

Medlemsregistrering. Einar og Trond har laga eit skriv som skal sendast ut til familiarar som ikkje er medlemar med oppfordring om å melde seg inn. Dei som er aktive må meldast inn. Blir lagt ved eit skjema som dei kan fylle ut og levere inn. Styret tek då jobben med å leggje inn. Skjemaet er meint for å hjelpe dei som vegrar seg/slit med å logge seg inn.

Sak 34/16 Festeavtale med Geir Arne Sylte

Idrettslaget har ikkje avtale om grunn med Geir Arne Sylte for areal mellom Valldal Stadion og Myklebustelva. Dette omfattar eit område av lysløypa og ein liten del av Valldal stadion. Har hatt møte med Geir Arne Sylte, og kome fram til semje om ein festeavtale som dekkjer aktuelt område. Ny avtale vert samordna med eksisterande avtale for Valldal stadion både i innhald og pris. Styret går inn for vedlagde festeavtale. Kart skal då ligge ved.

Sak 35/16 Ressursgruppa – drift av anlegg i sommar

Har fått rapport frå ressursgruppa over kva som er gjort, timer som er lagt ned osv. Konklusjonen er at arbeidet dei har lagt ned viser igjen. Tek pause fram til nyttår. Bør få ei eller anna form for takk/julehelsing. Ulik grad av deltaking, men alle bør få. Ha eit møte med ressursgruppa før neste sesong – planlegge nye prosjekt, for eksempel i samband med komande 100-års jubileet.

Idéen om å samordne/samkjøre dei ulike programblada kom opp. Begrensa annonsemarked lokalt, skaper slitasje, høge trykkekostnader. Bør heilt klart tenkje litt nytt framover.

Sak 36/16 Valnemnd årsmøte 2017

På årsmøtet i 2016 vart det ikkje vald nytt medlem i valnemnda for idrettslaget når Øyvind Hoel gjekk ut. Reidar Bjørstad og Dagrunn Vikesland set i nemnda no, men det skal vere eit tredje medlem. Medlem i valnemnda set for 3 år. Forslag: 1. Hegelin Waldal, 2. Linda Myren

Sak 37/16 Martin Linge-huset

Kjempespositivt! Manglar enno god organisering av utstyr og liknande. Torkjell har etterlyst møte med kommunen og skulen for å planlegge organisering av alt utstyret.

Spørsmål om idrettslaget kan ta ansvar for open hall annankvar fredag. I andre kommunar med tilsvarende tilbod om open hall, er det kommunen sitt ansvar/står ansvarleg for drifta. Diskusjon i gruppa. Anders tek kontakt med Ellisiv, som er kontaktpunkt mot gruppa. Bør signalisere at der skal vere 2 som er ansvarlege, plan for aktivitetar, 3 aktivitetar pr kveld, retta mot ung fredag gruppa, fredagar der ikkje er Ung Fredag, må vike plassen dersom andre organiserte grupper treng treningstida. Blir i tilfelle ein prøveperiode, dersom misbruk av nøklar etc. trekkjer idrettslaget seg ut.

Sak 38/16 Sommararrangement 2017

Styret positiv til å arrangere Mefjellet opp og Olsok også i 2017 (laurdag 29. juli 2017)

Møtet slutt kl. 23.00

Liv Marit Indreeide

-referent